



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Kunnskapssektorens tenesteleverandør –Sikt
Abels gate 5A
7030 Trondheim

Dykkar ref

Vår ref
22/5583-

Dato
21. juni 2023

**Revidert nasjonalbudsjett 2023, kap. 273, post 50 og kap. 275, post 21.
Supplerende tildelingsbrev til Kunnskapssektorens tenesteleverandør –
Sikt.**

Vi viser til at Stortinget i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2023 har vedteke tilleggsløyvingar og omprioriteringar på Kunnskapsdepartementets område, jf. Innst. 490 S (2022–2023) og Prop. 118 S (2022–2023).

Vi viser også til det ordinære tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet til Sikt datert 20. desember 2022.

1. Ekstraordinær pris- og lønnsjustering og kompensasjon for auke i arbeidsgivaravgift

Mål og føring for tildelinga

Midlane skal kompensere Sikt for ekstraordinær lønns- og prisjustering i 2023 slik at ein unngår utilsikta redusert aktivitet. Tildelinga skal også kompensere Sikt for mellombels auke i arbeidsgivaravgift på inntekt over 750 000 kroner.

Beløp

Kunnskapsdepartementet tildeler med dette **8,2 mill. kroner** til Sikt for å kompensere for lønns- og prisjustering og mellombels auke i arbeidsgivaravgift i 2023. Midlane blir tildelte på kapittel og post som vist i tabellen nedanfor.

Kap. og post	Lønns- og prisjustering, kroner	Arbeidsgivaravgift, kroner
273.50	3 729 000	1 821 000
275.21	2 705 000	

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
www.kd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
872 417 842

Avdeling
Avdeling for eigarskap
i høgare utdanning og
forskning

Saksbehandlar
Maria Elise Rød
22 24 73 80

2. NORDUnet-kontingent 2023

Vi viser til korrigerande tildelingsbrev 2023 til Sikt, sendt 11. januar 2023.

Kunnskapsdepartementet presiserte at løyvinga til NORDUnet-kontingenten utgjer 42,5 mill. kroner i 2023. Som følge av den ekstraordinære lønns- og prisjusteringa legg departementet til grunn at løyvinga til kontingenten vil utgjere **43,4 mill. kroner i 2023**.

3. Drift av Samordna opptak, kap. 273, post 50

Mål og føring for tildelinga

Tildelinga skal dekke auka kostnader Sikt har i 2023 i arbeidet med å utvikle eit sikkert, påliteleg og framtidretta system for opptak til universitet, høgskular og fagskular.

Beløp

Kunnskapsdepartementet tildeler med dette **3 mill. kroner** i 2023 til Sikts arbeid med eit nytt teknisk it-system for Samordna opptak.

4. Utbetaling

Departementet utbetaler midlane til Sikt i éin rate.

5. Krav til rapportering

Sikt skal rapportere om bruk av midlane i årsrapport for 2023 som skal sendast til Kunnskapsdepartementet, postmottak@kd.dep.no, innan 15. mars 2024.

Rapporteringa skal beskrive oppnådde mål og resultat av tiltaka og bekrefte at midlane er nytta i samsvar med føresetnadene for tildelinga.

Med helsing

Hedda Huseby (e.f.)
avdelingsdirektør

Maria Elise Rød
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi
Riksrevisjonen